



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

| | | |
|------------|------------|--------------------|
| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| 14.03.2019 | 25017/2019 | Erik Brekken |

Saksnr
U 22/19

Utval
Fylkesutvalet

Møtedato
25.03.2019

Rapport - lærlingar 2018

Bakgrunn

Tove-Lise Torve (AP) har i fylkesutvalet reist spørsmål om lærlingar i Møre og Romsdal fylkeskommune. Fylkesrådmannen legg fram eit notat til fylkesutvalet og sak til utdanningsutvalet og yrkesopplæringsnemnda sine møter 19. mars 2019 om «Formidlingskoordinator – skolane – tiltak for å skaffe fleire læreplassar».

Flest vel yrkesfag

I Møre og Romsdal vel framleis over halvparten av ungdomane yrkesfag. Det gjer oss til eit av dei største yrkesfagfylka i landet.

I skuleåret 2018/19 var inntatte elevar med ungdomsrett, både eigne og gjesteelevar valde 1921 ungdom yrkesfaglege studieprogram, medan 1615 valde studieførebuande utdanningsprogram.

| Inntatte elevar med ungdomsrett, både eigne og gjesteelevar, VG1 | | Tal elevar | | | Endring 2017 til 2018 | |
|--|---|------------|-------|-------|-----------------------|-------|
| <i>Per september</i> | | 2016 | 2017 | 2018 | Tal elevar | Del |
| | Studieførebuande utdanningsprogram (ST) | 1 741 | 1 774 | 1 615 | -159 | -9 % |
| | Yrkesfaglege utdanningsprogram (YF) | 2 023 | 1 895 | 1 921 | 26 | 1 % |
| | Totalt | 3 764 | 3 669 | 3 536 | -133 | -4 % |
| <i>Utdanningstype</i> | <i>Utdanningprogram</i> | | | | | |
| ST | Idrettsfag | 229 | 260 | 237 | -23 | -9 % |
| ST | Kunst, design og arkitektur | 51 | 51 | 52 | 1 | 2 % |
| ST | Medier og kommunikasjon | 150 | 122 | 97 | -25 | -20 % |
| ST | Musikk, dans og drama | 122 | 131 | 128 | -3 | -2 % |
| ST | Studiespesialisering | 1 189 | 1 210 | 1 101 | -109 | -9 % |
| YF | Bygg- og anleggsteknikk | 221 | 190 | 189 | -1 | -1 % |
| YF | Design og håndverk | 122 | 103 | 92 | -11 | -11 % |
| YF | Elektrofag | 315 | 299 | 312 | 13 | 4 % |
| YF | Helse- og oppvekstfag | 508 | 498 | 506 | 8 | 2 % |
| YF | Naturbruk | 100 | 118 | 102 | -16 | -14 % |
| YF | Restaurant- og matfag | 121 | 119 | 95 | -24 | -20 % |
| YF | Service og samferdsel | 139 | 143 | 140 | -3 | -2 % |
| YF | Teknikk og ind. produksjon | 497 | 425 | 485 | 60 | 14 % |

Vurdering

Arbeid med å skaffe fleire læreplassar

I 2015 kom det eit fall i oljeprisen, noko som fekk store konsekvensar for mange næringar i Møre og Romsdal. Båtar vart lagt i opplag, arbeidstakarar vart permitterte eller oppsagde. Det er fortsatt etterslep etter fallet i oljeprisen, og dette påvirker lærlingsituasjonen innan fleire fag. Det er fortsatt vanskeleg å få lærlingplassar innafor industrien , maritime fag og elektrofag, kor vi i 2018 oppretta Vg 3 i skole på Ulstein og Kristiansund vidaregåande skole. Og innafor Helse og Oppvekstfag er det ei utfordring med å skaffa nok læreplassar. I 2018 har vi godkjent 127 fleire lære – og opplæringskontraktar enn i 2017 .

Utdanningsavdelinga arbeider kontinuerlig med å auke antal læreplassar og sette i verk fleire tiltak for å prøve å skaffe fleire læreplassar. Det vart sett i gang ei kampanje Yrkesfagenes år for å sette yrkesfag og mangel på læreplassar i fokus.



Kampanjen retta seg mot bedrifter. Det var reklame på bussar og terminalar, samt informasjon på fylkeskommunen sine heimesider og andre sosiale media. For tredje år på rad igangsette utdanningsavdelinga aksjon ; Tenk framtid – Bli lærebedrift.

Talet på inngåtte lærekontraktar:



Dei siste åra har fylkeskommunen måtte opprette fleire klassar med alternativ opplæring på VG3 nivå for å dekke opp mangelen på læreplassar. I 2017 blei det oppretta VG3 elektro i Ulstein, byggfag i Fræna, Helse og oppvekst ved Romsdal, IKT servicefag ved Ålesund og sveisefaget ved Haram.

I YN-1/17 blei det oppretta fire regionale stillingar som formidlingskoordinatorar i full stilling for to år. Ansvaret til koordinatorene er å jobbe målretta for økt formidling av lærlingar og lærekandidatar. De skal også i samarbeid med leiingane i skolane og YFF lærarar rekruttere nye lærebedrifter. 1. oktober 2017 var alle fire på plass i sine regionar. Effekten av dette arbeidet vil vi sjå i 2018/19.

I YN-2/17 fekk dei yrkesfaglege nettveka utvida oppgåver og ressursar for styrke deira arbeid med å skaffe fleire læreplassar. Mellom anna fekk kvar nettverksleiar auka sin ressurs tilsvarande 5 prosent stilling.

Fylkeskommunen har tru på at eit betre samarbeid mellom skole og arbeidsliv er vegen å gå. Ved at elevane får god praksis i faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) og god dialog mellom aktørane i yrkesopplæringa er viktig. Hospitering av lærarar og instruktørar kan vere med på å skape slike samarbeidsarenaer.

Det er også ei stor utfordring å få nok læreplassar i kommunane. KS har tidlegare anbefalt at kommunane bør ta inn 1 lærling pr. 1000 innbyggjarar. Ut i frå dei tala så er det ein del gode kommunar som har tatt inn lærlingar i samsvar med det måltalet. No har KS endra måltala og meiner at kommunane bør ta inn 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjarar. Det er mange søkarar til læreplass i helsearbeidarfag og

barne- og ungdomsarbeidarfaget så vi måtte, som nemnt tidlegare, opprette alternativ VG3 også for desse faga.

God rådgiving og karriererettleiing til elevar er eit viktig tiltak slik at elevar som søker yrkesfag får god rettleiing om kva muligheit dei har for å få læreplass i eit fag og seinare arbeid.

«Yrkesfagenes år»

2018 var «Yrkesfagenes år». Planlegginga av dette byrja allereie i 2017. «Yrkesfagenes år» er ein omdømmekampanje på nett og sosiale medier. Kampanjen skal spre informasjon om moglegheiter innan fag og yrkesopplæring – og auke interessen for yrkesfaga. Eit av måla er felles innsats for å skaffe fleire læreplassar, og å sjå samanhengen med arbeidet i «samfunnskontrakt for fleire læreplassar 2016-2020». Vi byrja også arbeidet med ei lokal samfunnskontrakt i 2017.

Vekslingsmodell

Møre og Romsdal fylkeskommune starta hausten 2014, eit forsøk med vekslingsmodell i helsearbeidarfaget ved Kristiansund vidaregåande skole. Det var 13 elevar som starta med eit fireårig løp mot fagbrev. Det er då ei veksling mellom skole og arbeidsliv alle fire åra, med ei gradvis auke i praksis.

Det vert ikkje starta opp eit nytt tilbod med denne modellen foreløpig. Det er ei utfordring å skaffe nok læreplassar i kommunane også for desse elevane. Ålesund vidaregåande skole starta opp med ein vekslingsmodell i service og samferdsselfag i 2014. Tilbodet er over fire år og elevane vil få generell studiekompetanse i tillegg til fagbrev. Dei er no inne i sitt 3. opplæringsår. I 2015 starta Kristiansund vidaregåande skole eit liknande tilbod, dei er no inne i sitt 2. opplæringsår.

Praksisbrev

Kristiansund vidaregåande skole fortsett med praksisbrev skoleåret 2018/19

Tilbodet er meint for ungdom som har lettare for å lære av praktisk arbeid enn av teoretisk opplæring i skole. Elevane er 4 dagar i bedrift og ein dag i skole i to år. Den dagen dei er på skole vert det undervist i fellesfaga, matematikk, norsk og samfunnsfag.

Modellen vi i Møre og Romsdal har utvikla der praksisbrevet er organisert liknande eit opplæringskontor, der ein tilsett ved skolen tek seg av oppfølginga av kandidatane og lærebedriftene, blir vidareført. Skolen bidreg med utarbeiding av lokalt tilpassa læreplanar og har eit auge med opplæringa også ute i bedrift.

Frå i år skal ein nytte ordinære prøvenemnder ved utarbeiding og gjennomføring av praksisbrevprøva.

I Kristiansund er det no 12 kandidatar på kontrakt. Fem av dei på Vg1 og 7 er framleis med vidare på Vg2. Fleire av desse Vg2-kandidatane har fått lovnad om å få fortsette som lærlingar etter at praksisbrev-perioden er over.

Skolen tilbyr fellesfag-opplæring for det tredje året og det er no seks som nyttar seg av dette tilbodet etter å ha blitt lærlingar.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringstilbod finn vi over heile fylket. Åtte av dei vidaregåande skolane i fylket har hatt tilbod om ulike yrkesfaglege kurs, fire har hatt tilbod om generell studiekompetanse. Det vart arbeidd med utvikling av tilbod innanfor fleire yrkesfag i samarbeid med andre aktørar i 2018, dette arbeidet held fram i 2019. Det er framleis flest vaksne innafor helse- og oppvekstfaga, størstedelen er minoritetsspråklege, og her arbeider ein no saman med kommunar og lokale NAV-kontor om ulike pilotar for å finne ein god samarbeidsmodell.

Vi har og ein pilot innafor TIP-faga i gang dette skuleåret. Denne modellen skal vidareførast til andre fag dersom den er vellukka. I 2017 vart det gjennomført om lag 600 realkompetansevurderingar og 52 ulike kurs for meir enn 700 elevar, noko som er ein markant nedgang i høve dei tre førre åra. Hovudårsak er at målgruppa har endra seg mykje dei siste to åra.

NM i yrkesfag

Yrkes-NM vart arrangert 23. 25. oktober 2018 Hellerudsletta, Oslo/Akershus

Lærlingar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune oppnådde følgande plasseringar:

- 1 plass Anleggsmaskinfører
- 1 plass Automatikar (lagkonkurransen)
- 2 plass Design og søm
- 1 plass Elektrikar
- 3 plass Servitør
- 3 plass Sveiser

Yrkes-EM 2018 25.-29. vart arrangert september 2018 Budapest, Ungarn

Lærlingar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune oppnådde følgande plasseringar:

4 plass Vinjar Vederhus (Ekornes) og Espen Brandtzæg Godø (Nordvest Miljø)

Skole-NM

Det har vore arrangert lokale skolekonkurransar og fylkesmeisterskap i ein del yrkesfag hausten 2017 og våren 2018 . Det har vorte arrangert konkurransar i følgjande fag

- * Bilfaget, leitte køyretøy
- * Bilskade, lak og karosseri
- * TIP industrifag
- * Kulde- og varmepumpeteknikk
- * Frisør
- * Interiør og utstillingsdesign
- * Design og tekstil
- * Kokk- og servitør

Kristiansund vgs og Borgund vgs har arrangert ordinære fylkesmeisterskap med deltakare frå fleire skular. I enkelte fag har lokale skulekonkurransar fungert som fylkesmeisterskap der det har vore meldt på berre ein skule.

Vinnarane frå fylkeskonkurransane deltok i etterkant på skule NM 2018 som gjekk av stabelen i Hedmark og Trøndelag i april månad.

Fylket hadde 2 deltakarar i Trøndelag i faga kokk og servitør. Film og media frå Fræna vgs tok bronsemedalje i servitørfaget.

I Hedmark deltok Møre og Romsdal fylkeskommune i faga kulde og varmpumpemontør, automatisering (lag på to), industrimekanikar, manuell maskinering, sveising, bilfag, leitte køyretøy og billakkering/bilskade, interiør og utstillingsdesign, design og saum.

Kim Taeyeong, Borgund vgs, Møre og Romsdal tok gull i design og saum.

Anton Nautnes, Romsdal vgs, Møre og Romsdal tok sølv i industrimekanikar.

Ole Martin Glåmen, Haram vgs, Møre og Romsdal tok bronse i kulde- og varmpumpemontør.

Lærlingundersøkinga

Undersøkinga er obligatorisk å gjennomføra for fylkeskommunane. Det er frivillig for lærlingane å svara på undersøkinga. Vi har tidlegare hatt ein jamn auke i talet på lærlingar som har svara på undersøkinga, men i 2016 vart det ein svarprosent på 39 prosent. I 2011 greidde vi i fellesskap med opplæringskontora å auke svarprosenten til 53% (47% i 2017).

Hovudkonklusjonen er at lærlingane trivst og har eit godt læringsmiljø. Nokre få område får litt låg score. Det er på område som medverking, om lærlingane deltek aktivt med å planleggja eiga opplæring og på dokumentasjon, om det er skriftleg dokumentasjon på opplæringa. Somme lærlingar meiner at dei er litt lite førebudd på fagprøva. Dette prøver vi å retta på med å ha samtalar med opplæringskontora og gjennom lærlingsamlingar.

Lærebedriftundersøkinga

Parallelt med lærlingundersøkinga gjennomfører fylkeskommunen lærebedriftsundersøking. I denne undersøkinga får lærebedrifta seie si meining om læremiljøet og arbeidsmiljøet på arbeidsplassen.

Begge undersøkingane inngår som ein del av arbeidet med kvalitetsutvikling i fagopplæringa. I 2018 var svarprosenten på lærebedriftsundersøkinga på 78% (50% i 2017). På lærebedriftsundersøkinga oppnådde Møre og Romsdal Fylkeskommune best svarprosent av alle fylkene. Gjennomgåande er det tilfredstillande resultat i undersøkinga. Ein kunne likevel ynskja noko meir samarbeid mellom lærebedriftene og skolane for å sikra best mogleg overgang frå skule til læreplass og i YFF (faget yrkesfaglig fordypning tidlegare PTF).

Ny lærling- og lærebedriftsundersøking fra 2018.

Udir har i eit samarbeid med ei referansegruppe frå 3 fylkeskommunar jobba med å vidareutvikla undersøkingane. Her har Møre og Romsdal fylkeskommune delteke. I 2018 vart lærlingundersøkinga ny og forenkla.

Lærebedriftsundersøkinga vert også forenkla. Den har blitt todelt. Ein del for lovpålagte rapportoppgåver for Opplæringskontor og lærebedrifter, samt for

frottstående bedrifter (ny rapportmodul). Del to vil vera frivillig og fokusera på kvaliteten i læringsmiljøet fagleg og (psyko)sosialt.

Årlig rapportering ble gjennomført for første gang i 2018 og her blei svarprosenten 71%. I rapportmodulen dokumenteres det at det meste er på plass i Opplæringskontor og medlemsbedrifter, samt frittstående lærebedrifter. Gjennomgående framstår intern opplæringsplan, representant for de ansatte og kjennskap til prosedyre for heving av lærekontrakt som områdene med størst utviklingspotensiale.

Læringsamlingar

For å auke kvaliteten på fagopplæringa held Møre og Romsdal fylkeskommune faste årlege samlingar for både 1. års lærlingar og 2. års lærlingar. Dette er blitt teke godt i mot av lærlingane og det har vore stor deltaking.

Vi har samling for 1. års lærlingar om hausten. På desse samlingane får lærlingane mykje nyttig informasjon om plikter og rettar og mange gode råd frå starten ute i bedrift.

Vi har samling for 2. års lærlingar om våren. På desse samlingane er fokuset retta mot fagprøven og arbeidssøk. Lærlingane får òg moglegheit til å lufter saker og stille spørsmål dei lurar på mot slutten av læretida.

405 1. års lærlingar deltok på samling i 2018 og 375 2. års lærlingar.

Instruktørkurs

Vi held årlege kurs for nye faglege leiarar/instruktørar som skal rettleie lærlingar og lære kandidat i bedrift.

God rettleiing er ein føresetnad for god opplæring og ny rekruttering av fagarbeidarar. Kurset blir godt motteke og deltakarane får med seg nyttig verktøy med praktiske opplysningar til hjelp for å lykkast i arbeidet med lærlingane.

Hausten 2018 deltok 314 faglege leiarar/instruktørar på desse kursa.

Ny periode for prøvenemnder, 2020-2024

Vi er i gang med arbeidet med å få på plass nye prøvenemnder for perioden 2020 til 2024. Prøvenemndene består av kompetente fagarbeidarar som gjennomfører fag-, svenne- og kompetanseprøver. Prøvenemndene har ei viktig oppgåve med å sikre og å utvikle kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa.

Arbeidet til prøvenemndene legg føringar for den faglege standarden på norske fagarbeidarar.

Fylkeskommunen hentar inn forslag til medlemmar frå partane i arbeidslivet. Vi kan også om naudsynt hente inn forslag frå andre.

Når dei nye nemndene er på plass i 2020 blir alle kalla inn til 2-dagers kurs i regi av fylkeskommunen.

Fagprøver


Det har vore gjennomført 1662 fagprøver i 2018 mot 1672 i 2017.

I 2018 var det totalt 1598 bestått – 64 ikkje bestått

Lærlingar 941 bestått – 33 ikkje bestått

Skoleelevar 188 bestått – 16 ikkje bestått
Praksiskandidatar 448 bestått – 15 ikkje bestått

Tal fag- og svenneprøver etter ordning



Forslag til vedtak:

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Vedlegg

- 1 Sak UD og YN - Formidlingskoordinator i skolane - tiltak for å skaffe fleire læreplassar